

Lysefjordruta:

(ved overnatting i friluftsområde: hugs frilufsloven som seier maks 2 døgn på kvar stad)



(Klikk på kartet for å laste ned pdf i større versjon)

Symbol på kartet for bunkring, matservering og friluftsområde (grøn stoppestad).

- **Stavanger, Tau eller Jørpeland:** På Tau og på Jørpeland er det bunkringsmoglegheiter for småbåtar. Ikkje langt frå Tau (nord- austover mot Fiskå) finn ein også friluftsområde ved Tøgjevågen i Skyljarvik. Der finn du fortøyingsboltar, toalett, turveg og miljøstasjon.

- **NB!** Hugs å fylle drivstoff i Bergevika (ved inngangen til Lysefjorden) då det ikkje er påfyll innover den 42 km lange Lysefjorden.

- **Dørvika** i starten av Lysefjorden, ca 6 km nordaust for Forsand sentrum. Dette er ei lun vik med sandstrand inst i vika og svabergstrand utover odden. Varierte kvalitetar for friluftsliv, bading, båtutfart, fiske og turar i skog og mark. For dei som vil campe i telt, må ein hugse på friluftsløva som seier maks 2 døgn på kvar plass. Alternativ overnatting er ved *Lysefjorden Marina i Bergevika* (Forsand). Her kan ein leige leilegheit dersom ein bestiller på førehand. Der er også butikk og bakeri. På *Lysefjordsenteret* (andre sida av fjorden i høve Bergevika) er det søndagsbuffét for alle.

- **Lysebotn:** Her finn du ein campingplass med både teltplass, hytter, bed & breakfast og vandrarheim. Kafé med matservering og bar. Her kan du sjå basehopparar som hoppar frå Kjerag eller du kan sjølv gå turen til Kjerag.

- **Flørli:** Her er det overnattingsmoglegheiter i Stavanger turistforening sine hytter. Er ein sprek kan ein prøve seg på dei 4 444 trappetrinna på Flørli. I sommarmånadane kan ein få enkel varm eller kald mat på Flørlikafeen. Kontakt Flørlikafeen for meir informasjon om mat og overnatting.

- Når ein kjem ut Lysefjorden, kan ein ta turen innom **Lådervik**, nordaust på Idsal, mellom Idsefjorden og Høgsfjorden. Her er det mange bukter og viker som gir gode småbåthamner. Ryfylke friluftsråd har laga til toalett, ei lita anløpsbrygge, grill, renovasjonsstativ, informasjonsskilt og båtfeste. Alternativ overnatting finn du ved *Solvik Camping*, som ligg i ei lun vik ikkje langt frå Jørpeland. Ring for å avklare plass til båt og overnatting på førehand.

- **Stavanger, Tau eller Jørpeland.**



Tou Mølle
Foto: Olav Breen



Lysefjordholmen
Foto: Hanne Sundbø



Kraftstasjonen på Flørli
Foto: Hanne Sundbø



Frå Jørpelandsholmane
Foto: Hanne Sundbø